

KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

## HØYRINGSNOTAT

---

Framlegg til ny lov om bustøtte  
og  
endringar i forskrift om bustøtte

[6. juni 2011]

## Innhaldsliste

Innhaldsliste .....	2
1 Innleiing.....	3
2 Hovudinnhaldet.....	3
3 Om bustøtteordninga .....	5
4 Rettsleg forankring av bustøtte.....	6
5 Nærare om dei einskilde framlegga i ny lov om bustøtte.....	8
6 Nærare om endringar i forskrift om bustøtte .....	21
7 Økonomiske og administrative konsekvensar .....	23
8 Framlegg til lov om bustøtte.....	24
9 Framlegg til forskrift om bustøtte.....	27

## **1 Innleiing**

Kommunal- og regionaldepartementet sender på høyring framlegg til ei ny lov om bustøtte og endringar i forskriftene som regulerer bustøtte. Departementet følgjer såleis opp St.prp. nr. 11 (2008-2009), Ei styrkt bustøtte, der regjeringa lova å kome tilbake til Stortinget med framlegg om endringar i den rettslege forankringa av bustøtta etter at den nye ordninga var vedteken.

Departementet tilrarå å forenkle regelverket for bustøtte og gjere det meir brukarvenleg og tilgjengeleg. Førsegner som i dag delvis er heimla i lov 29. mai 2009 nr. 30 om Husbanken og delvis i retningsliner vedtekne av Stortinget 17. mars 2009 blir føreslått samla og plasserte i ei eiga lov om bustøtte. Dei einskilde forskriftene om bustøtte blir samla i ei forskrift, forskrift om bustøtte.

Framlegg til endringar i høyringsnotatet er hovudsakleg av rettsteknisk karakter. I tillegg er det føreslått nokre materielle endringar i §§ 8 til 13 i lovframlegget. Departementet ber høyringsinstansane om fråsegner til desse endringane. Dei andre paragrafane i lova er gjeldande rett som blei vedteken av Stortinget 17. mars 2009 ved innføring av den nye bustøtteordninga, og som framleis skal gjelde. Departementet har ikkje til føremål å endre desse no.

Til slutt ber vi om fråsegner til dei føreslåtte endringane i forskrift om bustøtte.

## **2 Hovudinnhaldet**

I *kapittel 3* gir vi ei generell omtale av bustøtteordninga.

I *kapittel 4* går vi gjennom gjeldande rettsleg forankring av bustøtta. Departementet føreslår å samle og regulere dei overordna føreseggnene for bustøtte i lov, medan dei meir detaljerte blir fastsette i forskrift. Bustøtta er i dag rettsleg forankra i husbanklova. Sidan lova er ei fullmaktslov som gir det formelle grunnlaget for styring og organisering av Husbanken, høyrer ikkje bustøtta naturleg heime i lova. Departementet gjer difor framlegg om at bustøtta blir regulert i ei eiga lov - lov om bustøtte.

I *kapittel 5* går vi nærmare gjennom dei einskilde føreseggnene i den nye lova. §§ 1 til 7 er ei lovfesting av gjeldande retningsliner som er vedtekne av Stortinget. Føremålet med bustøtta, å sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad, blir føreslått lovfesta. Det same gjeld verkeområdet om at alle dei som er registrerte i folkeregisteret og lovleg busette i Noreg kan ha rett til bustøtte.

Lov om bustøtte gir søker ein rett til bustøtte så framt han eller ho fyller vilkåra i lova og i forskrift gitt i medhald av lova. I *kapittel 5.3* omtaler vi vilkåra som blir stilte til person og bustad.

I *kapittel 5.4* gir vi ei omtale av dei overordna prinsippa for utrekning av bustøtte. Desse blir føreslått regulerte i lova, medan det blir gitt heimel for departementet til å gi forskrifter om satsar, utrekning og utbetaling av bustøtte.

I *kapittel 5.5* tilrarå vi å vidareføre gjeldande rett om at staten skal dekkje utgiftene til bustøtten. Husbanken og kommunane skal framleis administrere bustøtta. Departementet får fullmakt til å gi nærmare forskrifter om administrasjon og handsaming av bustøtta.

I *kapittel 5.6* gjer vi framlegg om ei ny heimel i lova som gjer det mogleg for Husbanken og kommunane å innhente og handsame opplysningar om personar i husstanden, sjølv om dei ikkje har gitt samtykke. Det gjeld opplysningar som er avgjerande for utrekning og tildeling av bustøtte. Vidare skal Husbanken framleis ha rett til å påleggje offentleg styresmakt, huseigarar, långivarar m.fl. å gi opplysningar som er naudsynte for å avgjere ein søknad om bustøtte, sjå *kapittel 5.7*.

Departementet tilrar i *kapittel 5.8* å vidareføre føresegna om at anna offentleg styresmakt kan få opplysningar frå bustøtteregisteret.

I *kapittel 5.9* tilrar vi å vidareføre føresegna om at kommunane i visse høve skal kunne overta krav som bustøttemottakar har på bustøtte. For betre å sikre rettstryggleiken til mottakarane, blir det gjort framlegg om at mottakaren på førehand må ha gitt ei frivillig, uttrykkeleg og informert fråsegn om å overføre kravet til kommunen. Gjeldande heimel som gir departementet fullmakt til å avgjere om kommunane i visse høve kan tre inn i eit krav på bustøtte, utan samtykke frå søkeren, blir føreslått oppheva.

I *kapittel 5.10* gjer vi framlegg om nye føresegner om tilbakebetaling av krav på bustøtte dersom mottakar har hatt endring i inntekt og formue i den perioden han har mottatt bustøtte.

I *kapittel 5.11* gjer vi framlegg om å avvikle ordninga med at klage på bustøtte skal avgjerast av Husbanken ved fornya handsaming. I staden føreslår vi å gi departementet fullmakt til å fastsetje forskrift om ei særskild klagenemnd.

I *kapittel 6* er det omtale av dei endringane som blir føreslått i forskrift om bustøtte.

I *kapittel 7* blir dei økonomiske og administrative konsekvensar omtala.

Framlegg til ny lov om bustøtte og endringar i forskrift om bustøtte kjem fram i *kapittel 8 og 9*.

### **3 Om bustøtteordninga**

Den statlege bustøtta er ei økonomisk stønadsordning med føremål å sikre dei med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad. Bustøtta skal medverke til at mottakarane kan halde på den bustaden dei har og til å etablere seg i ny bustad. Ho skal òg støtte dei som vil etablere seg i eigen eigmnd bustad.

Bustøtta er det viktigaste bustadsosiale verkemidlet. I 2009 blei bustøtta vesentleg utvida og forenkla med bakgrunn St.prp. nr. 11 (2008-2009), Ei styrkt bustøtte, Innst. S. nr. 160 (2008-2009) og Stortingets vedtak nr. 260 av 17. mars 2009 om retningsliner for bustøtta. Ordninga blei styrkt både gjennom auka ytingar til eksisterande mottakarar, særleg barnefamiliar, og ved at ho blei utvida til nye grupper. Bustøtta blei ytterlegare styrkt for barnefamiliar med høge buutgifter i statsbudsjettet for 2011. Ho er eit sentralt verkemiddel i arbeidet til regjeringa med å motarbeide fattigdom og redusere talet på bustadlause.

Bustøtte er ei yting sokjar har rett på så framt han og dei andre i husstanden fyller vilkåra i og i medhald av lova. Bustøtte gjeld for alle som er registrerte i folkeregisteret og er lovleg busette i Noreg. Ho blir utrekna og løyvd på grunnlag av opplysningar om sokjar og dei andre som bur i husstanden. Med visse unntak kan alle som er over 18 år søkje om bustøtte. Den som søker må vere ansvarleg for buutgiftene til husstanden og sjølv bu i bustaden. Bustaden må vere godkjend for heilårs bruk. Det skal vere ein sjølvstendig bustad som har eigen inngang, eige bad og toalett, og det skal vere høve til å kvile og lage mat i bustaden. Er krava til person og bustad oppfylte, er det forholdet mellom buutgifter og inntekter som avgjer om det blir løyvd bustøtte og kor mykje støtte som blir gitt.

Ordninga blir forvalta av Husbanken, medan kommunane sakshandsamar og har kontakt med den einskilde sokjar. Handsaming av bustøtte skjer maskinelt. Klage på vedtak om bustøtte blir avgjort av Husbanken ved ei fornja handsaming.

Utgifter til bustøtte blir kvart år løyvd over statsbudsjettet. For 2011 er det løyvd 4 149 mill kroner til ordninga. For februar 2011 fekk 124 900 husstandar i snitt 2 146 kroner i bustøtte.

## **4 Rettsleg forankring av bustøtte**

Gjeldande reglar for bustøtte er i dag spreidd på høvesvis lov 29. mai 2009 nr. 30 om Husbanken, retningsliner vedtekne av Stortinget 17. mars 2009 og einskilde forskrifter. Nedafor gir vi ein omtale av regelverket.

### *4.1.1 Husbanklova*

Husbanklova er det rettslege grunnlaget for bustøtta. Lova blei revidert i 2009, med unntak av føresegne om bustøtte, jf. Ot.prp.nr. 6 (2008-2009) om Husbanken. Føresegne skulle gjelde fram til den nye bustøtta blei sett i kraft og skulle reviderast i etterkant.

Oppgåvene til Husbanken er fastset i § 1, der det mellom anna kjem fram i andre ledd at Husbanken skal forvalte *bustønad* og låne- og tilskotsordningar og medverke til å utvikle og formidle kunnskap om mål, metodar og resultat innafor sitt område.

Vidare gir lova i § 10 fullmakt til Stortinget i plenum å fastsetje retningsliner. Paragrafen inneholder tillegg reglar om finansiering og administrering av ordninga, samt ein heimel til å gi forskrifter om å påleggje huseigarar å medverke til ordninga. Paragraf 11 gir kommunane hove til, på visse vilkår, å få overført til seg krav på fordring på bustøtte. Til sist er det i § 12 ein heimel for departementet til å gi forskrift om at opplysningar frå bostøtteregisteret kan bli gitt til anna styresmakt.

### *4.1.2 Stortingets vedtak om retningsliner om bustøtte*

Med heimel i med husbanklova § 10 har Stortinget gitt retningsliner for bustøtte ved plenarvedtak, no sist 17. mars 2009 nr. 260. Retningslinene gir føremål og kriteria for tildeling av bustøtte samt utrekning og finansiering. Desse retningslinene er i dag tekne inn i gjeldande forskrift om bustøtte.

### *4.1.3 Forskrifter om bustøtte*

Med heimel i husbanklova og Stortingets vedtak av 17. mars 2009, er det gitt forskrift 19. juni 2009 nr. 699 om bustøtte. Stortingets retningsliner om føremål, kriteria for tildeling, utrekning og finansiering er tekne inn i forskriftena, jf §§ 1 til 6 i gjeldande forskrift. Vidare er det i forskriftena gitt føresegner om utrekning og fastsetting av inntekt, samt reglar for sakshandsaming, utbetaling o.a.

Stortinget går gjennom bostøtteordninga og løyver midlar i den årlege handsaminga av statsbudsjettet. Her blir eventuelle endringar i vilkåra for tildeling vedtekne. Departementet følger i dag opp desse vedtaka med naudsynte endringar i forskriftena om bostøtte.

I tillegg blir klage på bostøtte regulert i *forskrift 22. februar 1974 om unntak fra klageregler i forvalningsloven i saker om bostøtte*, gitt med heimel i forvalningslova § 28, 3. ledd, jf. kapittel 5.11. Til slutt er det gitt føresenger som gir Husbanken og kommunane hove til å gi opplysningar til andre offentlege styresmakter. Vi viser her til forskrift 15. august 1985 om adgang til opplysninger fra bostøtteregistre og bostøttesøknader som blir handsama i kapittel 5.8.

## *4.2 Departementets høyringsframlegg*

### *4.2.1 Lov og forskrift*

At regelverket for bustøtte er så spreidd, gjer at det er vanskeleg for publikum og rettsbrukarar å få ei samla oversikt. Dessutan aukar faren for at regelverket ikkje blir godt nok koordinert. Av den grunn vil det vere føremålstenleg å forenkle og samle regelverket.

Vi tilrår difor å gå bort ifrå ordninga med at Stortinget vedtek retningsliner ved plenarvedtak. Det er ikkje vanleg i dag at Stortinget regulerer stønadssordningar på det viset. Det blir som regel gjort ved at Stortinget vedtek lover, og overlet til regjeringa å fastsette nærmare retningsliner. Sjølv om handsaming i plenum er enklare og raskare enn lov- og forskriftshandsaming, kan vi ikkje sjå at trøngen for endringar av hovudreglane i bustøtta er så presserande at lov- og forskriftshandsaming ikkje er egna. Det gjer at regelverket blir meir føreseieleg for brukarane. Ved høyring av framlegg til lov og forskrifter blir det gitt høve for brukarane til å kome med innvendingar i forkant, noko som ikkje gjeld ved plenarvedtak. Dessutan er lov og forskrift lettare tilgjengelege enn stortingsvedtak.

I motsetnad til dei andre økonomiske verkemidla som Husbanken forvaltar, er bustøtte ei yting som har rett på så framt vilkåra i lov og forskrift er oppfylte. Heimel i lov er ikkje naudsynt for å fastsetje reglar som berre skal gi brukarane materielle gode, utan å påleggje dei plikter. Departementet meiner likevel at visse reglar om bustøtte har ein karakter som tilseier at Stortinget framleis skal vedta dei. Føremålet for ordninga og kriteria for tildeling er forventa å liggje fast over fleire år og bør difor fastsetjast i lov. Departementet foreslår at hovudtrekka i det som i dag blir vedteke av Stortinget i plenum, blir fastsette i lov. Det gjeld føremål, verkeområde, kven som kan få bustøtte, krav til bustaden og utrekning av bustøtte, jf § 1 til 6 i framlegg til lov.

Dei reglane som er meir detaljerte, og som det blir forventa hyppigare endringar i, vil det vere meir føremålstenleg å plassere i forskrift. Det vil gi regjeringa større fleksibilitet i å utvikle bustøtta. Gjeld det endringar som treng løyvingar over statsbudsjettet, vil dei uansett bli framlagte for Stortinget før dei blir fastsette i forskrift. Det vil vere lite tenleg om regjeringa må fremje ein proposisjon om lovendringar som hastesak for Stortinget ved budsjettvedtak. Det vil til dømes gjelde endringar i satsar, fastsetting av inntekt og dei meir detaljerte føresegnene. Departementet tilrår å regulere slike føresegnere i forskrift.

### *4.2.2 Ei eiga lov om bustøtte*

Husbanklova er i dag det rettslege grunnlaget for bustøtta. Lova er ei særlov som gir det formelle grunnlaget for styring og organisering av Husbanken og gir fullmakter for verkemidla. Regulering av bustøtta har difor ikkje ein naturleg plass i i denne lova. Departementet ser behov for å regulere bustøtta i ei eiga lov, lov om bustøtte. Det vil gi ei meir systematisk oppbygging av begge lovene. Ei eiga lov vil dessutan gi bustøtta ein eigen identitet, ho vil bli betre synleg og framheva som eit gode søkjær har rett på.

På dette grunnlaget tilrår departementet å gjøre framlegg til ny lov om bustøtte. Lova skal innehalde føresegnere om føremål, verkeområde, kriterium for tildeling samt utrekning av bustøtte. I tillegg skal lova innehalde dei administrative føresegnene som må ha heimel i lov. Det gjeld for kommunane si plikt til å utføre oppgåver som er knytte til ordninga, rett for kommunane til å overta krav på bustøtte (transport) ved samtykke frå mottakaren, høve til innhenting av opplysningar som er avgjerande for å kunne tildele bustøtte og for klage på vedtak om bustøtte. Vi viser her til kapittel 5.

## **5 Nærare om dei einskilde framlegga i ny lov om bustøtte**

Paragrafane i framlegg til ny lov som gjeld føremål (§1), verkeområde (§ 2) vilkår for rett til bustøtte (§3), unntak for visse personar (§ 4), krav til bustaden (§ 5) og utrekning av bustøtte (§ 6) er i dag gjeldande rett fastsett av Stortinget i vedtak nr. 260 17.mars 2009 og regulert i forskrift 19. juni 2009 nr 699 om bustøtte. I samsvar med grunngivinga i kapittel 4, blir dei no føreslått lovfesta. Då det ikkje blir gjort framlegg til materielle endringar i desse føreseggnene, blir dei berre i korte trekk omtala i dette kapittelet. Departementet viser elles til St.prp. nr. 11 (2008-2009) Ei styrkt bustøtte.

### **5.1 Føremål (§ 1)**

Føremålet med bustøtta blir lovfesta i § 1 og skal vere ”*å sikre dei med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad*”. For at bustøtta skal vere eit effektivt verkemiddel i arbeidet mot fattigdom, er ho retta mot dei som både har låge inntekter og høge buutgifter. Det inneber mellom anna at dei som har låge buutgifter, skal dekkje desse sjølv. Ei vanleg trygd eller inntekt skal då kunne dekkje låge buutgifter. Det gjer at bustøtta får ei klårare rolle jamført med andre offentlege ytingar.

### **5.2 Verkeområde (§ 2)**

Føreseggnene om bustøtte er offentlegrettslege reglar som ikkje gjeld for Svalbard. Sidan husbanklova gjeld for Svalbard, er det i medhald av § 2 andre punktum gitt forskrift av 23. juli 1976 nr. 38 om husbanklovens anvendelse på Svalbard, som fastset at føreseggnene om bustøtte ikkje skal gjelde for Svalbard.

Departementet tilrar å vidareføre gjeldande rett. Dette er i tråd med den politikken regjeringa legg opp til i Svalbardmeldinga, St.meld. nr. 22 (2008-2009). Svalbardsamfunnet er organisert slik at Longyearbyen og dei andre lokalsamfunna ikkje skal vere livsløpsamfunn. Ved opphold på Svalbard beheld norske statsborgarar den adressa dei har på fastlandet, og må vende seg til sine heimkommunar og nytte seg av tenestetilbodet der. Sentrale ordningar som gir rett til ytingar gjeld ikkje for Svalbard, mellom anna sosialtenestelova.

I § 2 blir verkeområdet lovfesta. Bustøtta skal gjelde for personar som er registrerte i folkeregisteret og lovleg busette i Noreg. I medhald av lov 17. juli 1925 nr 11 om Svalbard § 2 skal ikkje offentlegrettslege lover gjelde for Svalbard, utan når det er særleg fastsett. Det inneber at det ikkje er naudsynt å ta inn i bustøttelova at lov om bustøtte ikkje skal gjelde for Svalbard.

Forskrift 23. juli 1976 nr. 38 om husbanklovens anvendelse på Svalbard første ledd blir føreslått oppheva.

### **5.3 Vilkår for rett til bustøtte**

#### **5.3.1 Krav til person (§§ 3 og 4)**

Alle som er over 18 år kan få bustøtte. Det er likevel gjort unntak for mellom anna militært og sivilt tenestepliktige og for studentar utan barn, då dei får støtte gjennom eigne støtteordningar. Heller ikkje personar som bur saman med personar som høyrer til desse gruppene har rett til bustøtte. Foreldre som bur saman med barn som er studentar har likevel rett til bustøtte.

Det er vidare eit krav om at søker sjølv skal bu i bustaden, og at han eller ho skal vere ansvarleg for buutgiftene i bustaden.

#### *5.3.2 Krav til bustad (§ 5)*

Krava som blir stilte til bustaden i § 5 a) til c) er kumulative vilkår. For det første må bustaden vere godkjend for bruk heile året. Det må vere ein sjølvstendig bustad med eigen inngang, eige bad og toalett. Til slutt er det krav om at bustaden skal gi høve til kvile og matlagning. Det er ikkje krav om at det skal vere eigne rom til dette. Det gjer at mange beboarar som i dag bur i mindre bustader utan kjøkken og/eller soverom blir inkluderte i ordninga. Det omfattar mellom anna dei som bur i bustader med opne kjøkkenløysingar og bustader med berre eitt rom. Det er mange slike bustader i Noreg, og det er mange med svak økonomi som bur slik.

Det er gitt unntak frå desse krava for utleigebustader der ein kommune har gjort vedtak om tildeling til helse og sosialføremål. Det er ein føresetnad at desse utleigebustadene skal vere organiserte som bufellesskap eller likande.

Krava til bustad i § 5 gjer at dei som bur i mellombels buform som hospits, pensjonat, hotell o.a. fell utanfor ordninga. Det same gjeld dei som bur i institusjon.

#### *5.4 Utrekning av bustøtte (§ 6)*

Paragrafen omhandlar dei overordna prinsippa for utrekning av bustøtte. Bustøtte er ei behovsprøvd ordning der forholdet mellom buutgifter og inntekter er avgjerande for kor mykje bustøtte ein kan få. Utbetalte bustøtte skal vere ein fastsett prosent av differansen mellom godkjente buutgifter og ein eigendel. Eigendelen blir fastsett ut i frå inntekta og formuen til husstanden.

Føresegna gir elles heimel for departementet til å fastsetje forskrifter om satsar og utrekning av bustøtte. Dei detaljerte reglane for utrekning er gitt i §§ 1 til 4 i framlegg til forskrift om statleg bustøtte.

#### *5.5 Finansiering og organisering (§ 7)*

Husbanklova § 10 har i dag føresegner om organisering og finansiering av bustøtte. Hovudregelen er at staten skal dekkje utgiftene til den statlege bustøtta. Det blei vidareført i Stortingets vedtak 17. mars 2009, og blir no føreslått lovfesta.

Føresegna i § 10 om at Husbanken og kommunane skal administrere bustøtta blir vidareført. Det same gjeld at kommunane sjølv dekkjer utgifter til dette. Kommunane er førsteline overfor brukarane og står for det meste av sakshandsaminga for den statlege bustøtta.

Til sist blir det føreslått ein heimel for departementet til å gi forskrifter om administrasjon, handsaming og utbetaling av bustøtte. Departementet viser her til kapittel 3 og 4 i forskriftena.

## 5.6 Innhenting og handsaming av personopplysningar (§ 8)

### 5.6.1 Gjeldande rett og praksis

Utgangspunktet i personopplysningslova § 8 er at personopplysningar berre kan bli innhenta og handsdama så framt den registrerte har gitt sitt samtykke eller det er heimel i lov. Sidan det i dag ikkje er lovheimel for å innhente og handsame opplysningar som er naudsynte for å kunne avgjere ein søknad om bustøtte, er handsaminga basert på samtykke frå både søker og dei andre medlemmene i husstanden. Samtykket blir gitt i søknaden. Søknadsskjemaet opplyser kva for instansar opplysningane blir henta frå og kva dei gjeld. Samtykke til innhenting av opplysningar om barn under 18 år blir innhenta frå føresette.

Dersom samtykke manglar, opnar personopplysningslova § 8 likevel opp for å kunne hente inn og handsame opplysningar på visse vilkår. Kommunane må då vurdere om opplysningane er naudsynte for gjennomføring av ei rettsleg plikt eller utøving av offentleg styresmakt, eller om ei interessevegning tilseier at opplysningane kan handsamast. Ofte kan slike avgjerder vere vanskeleg å ta, og praksis i kommunane vil truleg kunne variere. Personar som det etter slike vurderingar blir innhenta opplysningar om, skal få skriftleg varsel om det.

I personopplysningslova § 9 er det gitt strengare krav når det gjeld *sensitive* opplysningar, så framt det ikkje er gitt samtykke eller det er ein eigen lovheimel.

Opplysningane som Husbanken og kommunane hentar inn om søker og dei andre i husstanden blir samla i eit register - bustøtteregisteret, som er eit kombinert arkiv og system for sakshandsaming. Så lenge ein person tek imot bustøtte må han vere registrert i registeret, sidan bustøtte blir utrekna kvar månad og det vert gjort enkeltvedtak i medhald av forvaltningslova. Husbanken har dessutan plikt til å arkivere etter arkivlova § 6. Det inneber at Husbanken ikkje kan slette opplysningane i bustøtteregisteret sidan journalen og arkivet ligg i bustøttesystemet.

### 5.6.2 Departementets høyringsutkast

Tildeling av bustøtte føreset at mottakar har søkt om det. I over 70 prosent av sakene er det ikkje fleire enn ein person i husstanden. Samtykke vil difor som hovudregel vere grunnlaget for handsaming av personopplysningar om søkeren. Det er berre i dei tilfella det er andre i husstanden og desse ikkje har gitt samtykke, at kommunen må vurdere konkret om personopplysningslova opnar for å innhente og handsame opplysningar om desse personane. Sidan opplysningar om alle i husstanden er avgjerande for utrekning og tildeling bustøtte, vil manglande samtykke frå nokon i husstanden seinke sakshandsaminga og utbetalinga. Det kan også føre til at husstandar som elles har rett til bustøtte, ikkje får det.

Vi kan meine at husstandane sjølve må ta følgjene av manglande samtykke. Slike situasjonar vil dessutan oppstå sjeldan, og berre ramme ein liten del av søkerane. Departementet kan likevel ikkje sjå bort i frå at det vil få store konsekvensar for dei det gjeld. Bustøtte skal sikre at fleire kan klare seg i eigen bustad. Det vil difor vere uheldig om manglande samtykke fører til at dei husstandar som har rett på støtte, ikkje får det. I verste fall kan det føre til at dei mistar bustaden.

For å kunne gjennomføre føremålet med bustøtteordninga på eit effektiv og rekningsvarande vis, tilrår departementet at det blir innført ein lovheimel som gir hove til å innhente og nytta opplysningar sjølv om det manglar samtykke frå eit medlem av husstanden.

Omsynet til personvernet kan tale mot ein utvida tilgang til å innhente informasjon. Departementet viser her til at tilsette i Husbanken og kommunane har teieplikt om opplysningane som blir innhenta og at det er gode rutinar for handsaming av slike opplysningar. Dernest er det berre opplysningar som har verknad for rettar og plikter som følgjer av lova og forskrifta som blir omfatta. Krava til handsaming i personopplysningslova skal elles gjelde.

Det vil heller ikkje bli sett i verk nye tiltak som vil ha personvernkonsekvensar. Gjeldande rutinar med maskinell innhenting og handsaming skal medverke til at krava i personopplysningslova § 13 om informasjonstryggleik blir oppfylte. Rutinane gjer at opplysningane frå dei ulike instansane er tilstrekkelege og relevante samt at dei er korrekte og oppdaterte, slik personopplysningslova § 11 krev. På det viset sikrar ein føremålet med handsaminga, at dei personane som har rett på bustøtte, får riktig vedtak til rett tid.

Husbanken vil syte for å gi skriftleg informasjon til dei det gjeld, om kva type opplysningar som blir innhente og nytta, og kven desse blir henta frå. På det viset vil dei personane det gjeld kunne ta vare på sine interesser og sikre seg at opplysningane er riktige.

Ei månadleg utbetaling av bustøtte utgjer i snitt 2 200 kronar. Kostnadane som er knytte til sakshandsaminga må stå i høve til det. Kommunane kan ikkje legge store ressursar i arbeidet med å henta opplysningar frå alle i husstanden. Dei må kunne handsame søknadene utan for store administrative kostnader. Ei innføring av ein slik regel vil føre til at kommunane slepp å vurdere kvart einskilde høve opp mot personopplysningslova.

Departementet legg til grunn at opplysningar om bustad, buutgifter, inntekt og formue, som blir henta inn, ikkje har nær tilknyting til personleg integritet og privatliv. Det er opplysningar som til dels er tilgjengelege for alle. Det vil stille seg noko annleis for opplysningar som er definerte som sensitive i medhald av personopplysningslova. Når rett til bustøtte er basert på informasjon om trygd, funksjonshemmning o.a., er det nettopp for at husstanden har eit særleg behov for slik stønad. Manglande samtykke bør difor ikkje stå i vegen for at dei som treng det mest får bustøtte.

Ut frå ei samla vurdering tilrår departementet ei føresegnsom gjer at Husbanken og kommunane kan innhente og handsame opplysningar sjølv om ikkje alle i husstanden har gitt sitt samtykke til det.

### *5.7 Plikt for andre til å gi opplysningar om husstanden (§ 8)*

I medhald av husbanklova § 10 kan departementet gi forskrifter om at huseigarar skal medverke ved sakshandsaming, kontroll og utbetaling. Dette er gjort i gjeldande forskrift om bustøtte § 23.

Sidan pålegg til private må ha heimel i lov, trengst det føresegner som gjer det mogleg for Husbanken og kommunane å hente inn naudsynte opplysningar. I tillegg til utleigarar, burettslag og eigeseksjonssameige, gir offentlege styresmakter og långivarar opplysningar som er naudsynte. Plikta skal gjelde berre for dei opplysningane som er avgjerande for å handsame og gjere vedtak om bustøtte. Opplysningar som ikkje skal nyttast i handsaming av søknader, men berre i statistikk, blir ikkje omfatta av den nye føresegna. Desse må handterast i tråd med krava i forvaltningslova §§ 13 a, 13 b og 13 d.

Departementet føreslår at opplysningane skal kunne bli gitt utan hinder av ei eventuell teieplikt. Sidan samtykke òg opphevar teieplikta, vil ei lovforesegn om dette berre ha verknad dersom samtykke manglar.

### *5.8 Utlevering av opplysningar (§ 8)*

I husbanklova § 12 er departementet gitt fullmakt til å fastsetje ved forskrift eller ved samtykke i dei einskilde tilhøva at anna offentleg styremakt kan nytte opplysningar frå bustøtteregisteret. Føresegna presiserer at reglane om teieplikt i forvaltningslova elles skal gjelde. Departementet har gitt *forskrift 15. august 1985 nr. 1681 om adgang til opplysninger fra bostøtteregistre og bostøttesøknader*, der det kjem fram kven som kan gjere seg kjent med opplysningane.

Det er eit behov for ei føresegn i lova, då forvaltningslova ikkje gir heimel for å bringe vidare opplysningar til ulike styremakter som har ansvar for andre stønadsordningar innan bustad- og sosialsektoren i kommunane. Det gjeld til dømes NAV og bustadkontora.

Da rollefordelinga mellom stat og kommune i gjennomføringa av bustadpolitikken føreset omfattande samhandling mellom forvaltningsnivåa i enkeltsaker, tilrår departementet å vidareføre gjeldande rett. Heimelen til å gi departementet fullmakt blir fastsett i lova, medan det blir innarbeidd i forskrift kven opplysningane kan giast til.

## *5.9 Overføring av krav på bustøtte (§ 9)*

### *5.9.1 Gjeldande rett*

Bustøtte blir hovudsakleg utbetalt direkte til søkeren. I visse tilfelle kan likevel ein kommune tre inn i retten til bustøtte og få utbetalt bustøtte direkte til seg. Det blir kalla "transport".

Transport er heimla i husbanklova § 11 og gir kommunane ein eksklusiv rett til å inngå avtale med søkeren om å overta krav på bustøtte på visse vilkår. Det blir kalla "frivillig transport". For det første kan ein kommune gjere det når kommunen har gitt tilskot til søker til dekning av buutgifter, og det er gitt for same tidsrommet som det blir gitt bustøtte for. For det andre kan avtale bli inngått der kommunen gir lån eller avdrag på lån til dekning av buutgifter.

Lova opnar òg for at departementet kan samtykkje i at ein kommune kan tre inn i retten på bustøtte sjølv om mottakaren ikkje samtykkjer. Det blir kalla "tvungen transport", og blir gitt på same vilkår som for frivillig transport. I tillegg må det ligge føre særlege grunnar for å gi samtykke. Departementet har delegert til Husbanken å gi samtykke i desse sakene.

### *5.9.2 Departementets høyringsutkast*

#### *5.9.2.1 Frivillig transport*

Då ordninga med transport blei innført i 1976, blei bustøtte utbetalt to gonger i året. For å dekkje kontinuerlege bukostnader måtte kommunane oftast gi tilskot kvar månad. Avtalar om transport gjorde det mogleg for kommunane å forskottere bukostnadene for så å få kostnadene dekte av staten i etterkant. Transport løyste behovet brukarane hadde for likviditet samstundes som det hindra at stat og kommune uavhengig av kvarandre dekte dei same bukostnadene. Risikoen for at husstandar skal få dobbel dekning av husleiga er ikkje den same i dag i og med at bustøtta blir betalt kvar månad.

Noko av den opphavlege grunnen for transport av bustøtte har såleis falle bort. Samstundes blir ordninga brukt i monaleg omfang i dag, men då med andre grunngivingar. Talet på slike avtaler låg i 2010 på om lag 13 900. Frivillig transport legg til rette for det bustadsosiale arbeidet kommunane gjer, mellom anna ved å kunne samordne kommunal og statleg bustøtte maskinelt. Ordninga har positiv verknad på arbeidet med å hjelpe dei vanskelegstilte på bustadmarknaden og kan brukast til å målrette arbeidet for å etablere fleire kommunale utleiegebustader. I tillegg er bruk av transport viktig i arbeidet med å førebyggje bustadløyse, då avtalane i praksis er ei hjelp for personar som har vanskar med å prioritere sine utgifter.

Utan ein heimel til transport i husbanklova vil dei privatrettslege reglane i lov 14. august 1918 nr 4 om rettergangsordningens ikrafttræden § 12 om transport av trygd o.a. jf. dekningslova §§ 2-5, 2-7 og 2-9 gjelde for bustøtta. Reglane stengjer for avtaler som gir avkall på framtidige ytingar som er naudsynte for livsopphald. Departementet legg til grunn at dei som tek imot bustøtte har ein økonomi som gjer at ho er naudsynt for livsopphald for søker og husstanden, og difor ikkje let seg overføre etter lova. Lov om rettergangsordningens ikrafttræden opnar likevel for overføring til "pensjonsinnretning, arbeidsgiver eller offentlig myndighet i den utstrekning disse yter lønn, stønad til vanleg underhald eller liknende ytelser". Føresegna opnar for at ikkje berre kommunar kan ta transport i bustøtte, men òg andre som då vil kunne få dekning til anna enn støtte til buutgifter. Departementet meiner at det ansvaret som kommunane har for å skaffe dei vanskelegstilte bustad, gjer at dei framleis står i ei særstilling når det gjeld transport av bustøtte. Departementet tilrår difor å vidareføre

føresegna om transport. Ei eiga føresegn i bustøttelova vil òg gjere tydeleg det høvet kommunane har til å avtale transport.

For å betre rettstryggleiken til dei som mottek bustøtte, tilrår departementet å innføre ei ny føresegn om at dei på førehand skal gi ei frivillig, uttrykkeleg og informert fråsegn – eit såkalla informert samtykke. Kommunane skal ha ei plikt til å gi tilstrekkeleg informasjon til at mottakarane kan skjøne kva transporten gjeld og kva slags konsekvensar han har. På det viset vil dei få ei oversikt over kva slags ytingar som blir omfatta, kor lenge avtalen gjeld og kva som skal til for å seie opp avtalen.

#### *5.9.2.2 Vilkår for transport*

I dag opnar husbanklova for å avtale transport av bustøtte i dei tilfella der kommunen løyver tilskot til buutgifter eller til avdrag og renter på bustadlån. Det er ei avgrensing i forhold til lov om rettergangsordningens ikraftræden § 12, der det er mogleg å avtale transport der det blir gitt støtte til vanleg underhald og liknande. Bustøtta er i større omfang enn andre ytingar retta mot å dekkje spesifikke utgifter, dvs buutgifter. Føresetnaden om at kommunen skal ha gitt stønad til buutgifter medverkar difor til å gjennomføre føremålet til bustøtta og bustadpolitikken for vanskelegstilte. Departementet meiner det er grunn til å vidareføre denne avgrensinga i den nye lova.

I tillegg er det vilkår om at det skal vere samsvar mellom den perioden kommunen har gitt stønad for og den perioden bustøtte er gitt for. Det er til dømes ikkje høve til å dekkje allereie forfalne husleigeterminar med framtidige bustøtteterminar. Departementet meiner at det framleis bør vere ei slik avgrensing, og tilrår å vidareføre desse vilkåra. Prinsippet om same periode gjeld tilsvarende i lov om rettergangsordningens ikraftræden.

#### *5.9.2.3 Tvungen transport*

Departementet meiner at tvungen transport av bustøtte ikkje står i forhold til det inngrep det representerer for den einskilde mottakar. Å ta i frå nokon retten til å disponere over eigen økonomi er eit stort inngrep, sjølv om vi ser at det i nokre høve kan vere særlege grunnar for det. Det gjeld til dømes der ein mottakar i ein spissa situasjon med kommunen let vere å betale husleige.

I dei fleste sakene gir Husbanken samtykke til at kommunane får rett til tvungen transport. I handsaminga av sakene er det ofte vanskeleg å få mottakarane sitt syn på saka, og Husbanken må difor avgjere sakene på bakgrunn av framstillinga til kommunen. Husbanken har få saker om tvungen transport til handsaming kvart år. I 2010 var det berre ein sak, men det i 2008 og 2009 var høvesvis ein og tre saker. Departementet føreslår difor å oppheve føresegna om tvungen transport.

## *5.10 Tilbakebetaling av for mykje utbetalt bustøtte ved endring i inntekt og formue m.m. (§§10, 11 og 12)*

### *5.10.1 Gjeldande rett og praksis*

Ved utrekning og tildeling av bustøtte blir det nytta opplysningar frå sist tilgjengelege likning, jf. forskrift om bustøtte § 10. På det viset kan til dømes ei utbetaling i oktober eit år vere rekna ut med grunnlag i inntekta for året før.

§ 15 i forskrifta opnar for bruk av faktisk inntekt og formue i den perioden det blir søkt for når inntekta / formuen er vesentleg redusert sidan siste likning. Det er ein føresetnad at reduksjonen skal vere vesentleg og at det vil verke urimeleg om det ikkje blir teke omsyn til endringa. I tillegg skal mottakaren melde frå dersom den faktiske inntekta /formuen i perioden det blir søkt bustøtte for, er blitt så høg at bustøtte ikkje kan utbetalast dersom denne inntekta/ formuen blir nytta, uakta kor høge buutgiftene er. Mottakaren blir underretta om denne grensa ved vedtak om bustøtte, og om at han pliktar å melde frå om slik auke i inntekt / formue i den perioden det er søkt om.

Mottakar pliktar òg å melde frå om det oppstår andre endringar i perioden, som søkeren forstår eller burde forstå har tyding for utrekning og utbetaling av bustøtte. Ei slik generell opplysningsplikt følgjer av § 21 i forskrifta. Forutan opplysningar om inntekt og formue, kan det vere opplysningar om flytting, endringar i talet på medlem i husstanden eller endring i buutgifter.

§ 27 gir Husbanken ein rett til å krevje at mottakar betaler tilbake dersom han har motteke bustøtte i strid med ærlegdom og god tru. Det same gjeld dersom mottakaren, eller nokon som har handla på hans vegne aktlaust har gitt feilaktige, mangelfulle eller misvisande opplysningar.

### *5.10.2 Departementets høyningsutkast*

Å nytte registerdata frå siste likning om inntekta og formuen til husstandane gir høg presisjon og effektiv forvaltning til låge administrative kostnader. Desse data ligg likevel noko tilbake i tid. Dei vil difor i dei fleste høve avvike frå den faktiske inntekta i den perioden det blir søkt om bustøtte for. Mindre avvik er uproblematiske, men ved store avvik mellom likningsopplysningar og faktisk inntekt bør den faktiske inntekta bli nytta. Bustøtta er ei strengt behovsprøvd yting, og det er difor viktig å sikre at bustøtte berre blir utbetalat til husstandar som oppfyller vilkåra for støtta. I samband med fastsetting av regelverket er det naudsynt å vurdere kor stor auke i inntekta som skal tolererast før den utløyser krav om tilbakebetaling, og kor store reduksjonar i inntekta som skal til før faktisk inntekt kan nyttast i berekninga av støttebeløp.

Den inntekta som blir nytta ved utrekning av bustøtte blir bestemt av inntekt, formue og storleiken på husstanden. I det vidare blir omgrepet inntekt nytta som synonym for den inntekta som blir brukt ved utrekning av bustøtte.

#### Auke i inntekta

Det er få mottakarar som i dag melder frå om auke i inntekta. Husbanken har ikkje faste rutinar for etterkontroll av dei inntektsopplysningane som blir nytta. Dei krev etter skjøn tilbakebetalt i dei sakene der det er openbart urimeleg at mottakaren får bustøtte.

Det er viktig å sikre bustøtta som ei målretta og effektiv ordning i tråd med føremålet med lova. Midla til fellesskapet må forvaltast på ein måte som vekkjer tillit. Då er det viktig å sørge for at bustøtte berre blir utbetalt til dei som treng det og som har rett til støtte. Departementet gjer difor framlegg om å innføre systematisk etterkontroll av inntekta til dei som får bustøtte.

Hovudregelen ved tildeling av bustøtte er å nytte data frå siste likning. Når inntekta har auka vesentleg frå siste likning, må mottakar likevel melde frå om det slik at faktisk inntekt i perioden det blir søkt bustøtte for kan nyttast. Om mottakar ikkje gjer det, og etterkontroll syner at mottakar har hatt ein vesentleg vekst i inntekta, må heile eller deler av den mottekne bustøtta betalast tilbake.

Dei fleste som får bustøtte vil ha ein auke i inntekta frå det likningssåret som blir lagt til grunn og fram til den perioden det blir søkt bustøtte for. Grensa for når bustøtta må betalast tilbake må difor ikkje bli sett så lågt at den råkar mottakarar med vanleg vekst i inntekta. I 2004 blei inntektsgrensa for meldeplikt i bustøtta sett til 10 000 kroner pr. år. Den grensa råka husstandar med vanleg vekst i inntekta, og var for låg. Resultatet blei at Stortinget den gongen ettergav for mykje utbetalt bustøtte til 40 000 mottakarar.

Mange av mottakarane av bustøtte med høg vekst i inntekta frå eitt år til det neste er personar som tidlegare ikkje har hatt skattbar inntekt. Det kan til dømes vere flyktningar og innvandrurar som nett har kome til landet, personar som kjem ut frå fengsel eller institusjon eller personar som før fekk sosialhjelp, og som no mottek andre offentlege, skattbare ytingar. Desse gruppene vil framleis ha låg inntekt og ha krav på bustøtte, sjølv om auken i den likna inntekta har vore betydeleg frå eitt år til det neste. Auken i inntekt kan likevel ha som følgje at den utbetalte bustøtta er for høg. Andre grupper med høg vekst i inntekta kan vere grupper som før mottok tidsavgrensa offentlege ytingar, som personar på kvalifiserings- eller introduksjonsprogram eller dei som mottek dagpengar, og som sidan har fått løna arbeid.

Grensa for når bustøtta skal krevjast tilbakebetalt kan anten bli knytt til den likna inntekta som blei lagt til grunn for berekning av bustøtta eller til den øvre inntektsgrensa for å få bustøtte, som i dag.

Vi har vurdert fire alternativ for kor stor auken i den årlege inntekta kan vere før bustøtte skal krevjast tilbakebetalt:

- Alternativ 1: 50 000 kroner over den likna inntekta nytta ved berekning av bustøtta
- Alternativ 2: 100 000 kroner over den likna inntekta nytta ved berekning av bustøtta.
- Alternativ 3: 50 000 kroner over øvre inntektsgrense for å få bustøtte
- Alternativ 4: 100 000 kroner over øvre inntektsgrense for å få bustøtte

Grensene for tilbakebetaling, anslag for talet på saker og for tilbakekravd beløp i dei fire alternativa går fram av tabellen under. Ved at ein samstundes varslar auka kontroll, vil talet på krav om tilbakebetaling kunne bli lågare enn i anslaget. Det fordi fleire truleg vil melde frå eller fråfalle søknaden om bustøtte når inntekta aukar. Færre krav om tilbakebetaling vil i så fall resultere i ei tilsvarende lågare utbetaling av bustøtte i første hand. Innsparingane på løvinga til bustøtte blir dermed den same.

*Tabell. Alternative grenser for tilbakekrav, inntektsgrenser, overslag for tal på saker og overslag for beløp for tilbakekrav, gitt ei grense for urettmessig utbetalt bustøtte på 10 000 kroner.*

Alternativ	Grense for tilbakekrav	Inntektsgrense for tilbakekrav* Årleg inntekt, kr	Saker per år Tal	Tilbakekrav per år Mill. kr
1	Likna inntekt + 50 000 kr	153 000 - 227 000	21 000	430
2	Likna inntekt + 100 000 kr	153 000 - 277 000	14 000	300
3	Øvre inntektsgrense + 50 000 kr	238 000	5 000	130
4	Øvre inntektsgrense + 100 000 kr	288 000	2 500	60

\*for ein som bur aleine utanfor pressområda i privat bustad.

Alle dei fire alternativa sikrar at bustøtta berre blir utbetalt til dei som har rett til støtte samstundes som husstandar med vanleg vekst i inntekta ikkje blir råka. Alternativa 1 og 2, som begge har ei inntektsgrense som startar på 153 000 kroner, vil kunne råke husstandar som før ikkje hadde skattbar inntekt, men som no mottek offentlege ytingar. I begge desse alternativa vil husstandane framleis ha därleg økonomi og ha rett til bustøtte. I alternativa 3 og 4 vil inntektsgrensene bli høgare, særleg for dei som ikkje hadde likna inntekt i utgangspunktet. Mange vil då kunne ha ein vesentleg auke i inntekta før heile eller delar av bustøtta må betalast tilbake. At dei med lågast inntekt kan ha den største veksten i inntekta før dei må betale bustøtta tilbake, kan på den annan side seiast å ha ein god fordelingspolitisk effekt.

For å gjere framstillinga enklare er alternativ 4, med ei grense for tilbakekrav på 100 000 kroner ut over øvre inntektsgrense, lagt til grunn for teksten i dette høyringsbrevet og for framleggget til forskrift. Vidare er det lagt til grunn ei grense for urettmessig utbetalt bustøtte på 10 000 kroner. Etter høyringa vil det bli tatt stilling til kva for grensar som skal bli tilrådd overfor Stortinget.

I tillegg til den objektive regelen med etterkontroll ved auka inntekt, tilråd departementet å vidareføre den generelle plikta til å melde i frå i § 13 i forskrifta. Der blir det òg presisert at mottakaren har plikt til å melde frå dersom inntekta har auka ut over den øvre inntektsgrensa for å få bustøtte. Det vil vere eit forsøk på å minske talet på saker som skal krevjast tilbake. Det vil vere eit insitament for den einskilde mottakar til å melde frå på eit tidlig tidspunkt, for å sleppe eit krav om tilbakebetaling. Departementet vil òg be Husbanken om å setje i verk andre tiltak for å førebyggje og redusere talet på saker om tilbakekrav. Det mest optimale for alle partar vil vere å unngå slike krav. Det vil òg spare det offentlege for administrasjon.

Departementet meiner at kostnaden ved meirarbeidet med å krevje bustøtte tilbake bør stå i rimeleg forhold til det beløp som skal krevjast tilbakebetalt. I høyringsbrevet og framleggget til forskrift er det lagt til grunn at bustøtta berre vil bli kravd tilbakebetalt når det har blitt utbetalt meir enn 10 000 kroner i bustøtte i same kalenderår. Lågare grenser vil òg bli vurderte. Forskrifta er utforma ut frå alternativ 4 med ein auke i inntekta på meir enn 100 000 kroner ut over øvre inntektsgrense. Her vil mottakaren ikkje lenger ha rett til bustøtte. Tilsvarande gjeld for alternativ 3. Heile beløpet som er utbetalt i bustøtte vil krevjast tilbakebetalt i desse to alternativa. Dersom alternativa 1 eller 2 i staden blir valt, vil forskrifta

måtte formulerast noko annleis. I desse alternativa kan mottakarane framleis ha rett til noko bustøtte. Her vil berre den delen av bustøtta som er urettmessig utbetalt krevjast tilbakebetalt.

### Redusert inntekt

Ved reduksjon av inntekta er gjeldande praksis at dersom inntekta er redusert med meir enn 10 % frå siste likning, kan søker be om at den faktiske inntekta for perioden blir lagt til grunn ved berekning av bustøtte. Departementet meiner at gjeldande rett og praksis for når faktisk inntekt kan nyttast i staden for likna inntekt når inntekta er redusert fungerer rimeleg godt i dag, og tilrår difor at regelen blir vidareført.

Ved handsaming av saker der inntekta er redusert, blir i dag omgrepene disponibel inntekt nyttet. Likna eller skattbar inntekt blir elles nyttet ved berekning av bustøtte. Det er uheldig at inntektsomgrepet som blir nyttet ved redusert inntekt er ulikt det som elles blir nyttet ved utrekning av bustøtte. Departementet gjer difor framlegg om å endre reglane slik at skattbar inntekt og formue også blir nyttet som inntektsomgrep ved redusert inntekt. Endringa vil særleg kome einslege forsørgjarar som får barnebidrag til gode.

#### *5.10.3 Inndriving og ettergiving av krav om tilbakebetaling av bustøtte*

Med nye reglar om etterkontroll av inntektsauke, vil talet på krav om tilbakebetaling av bustøtte truleg auka monaleg. Husbanken har i dag berre manuelle rutinar for oppfølging og innkrevjing og dei er lite eagna for å handtere ei stor mengd saker. Det vil bli for ressurskrevjande for Husbanken å administrere ei slik tilbakesøking.

Departementet viser til at Statens innkrevjingsentral (SI) driv med innkrevjing på vegne av statlege oppdragsgivarar og har eit effektivt apparat for dette. Departementet tilrår difor at SI får heimel til å kunne opptre som særleg namsstyresmakt i alle saker der det er krav om tilbakebetaling av bustøtte. SI vil kunne drive inn desse krava på eit raskare og langt meir effektivt vis enn om Husbanken skulle administrere også denne delen av ordninga. I tillegg vil SI truleg kunne medverke til at ein langt større del av dei totale krava om tilbakebetaling kan verte kravd inn.

Departementet tilrår at vedtak om tilbakebetaling av bustøtte skal vere tvangsprunnglag for utlegg. Departementet gjer framlegg om at SI får særleg namsstyresmakt til å foreta trekk i løn og liknande ytingar samt å stifte utleggspant for krav om tilbakebetaling av bustøtte. Trekk i løn og utlegg vil berre bli satt i verk etter at Husbanken har vurdert saka og fatta vedtak om tilbakebetaling. Husbanken vil dessutan framleis kunne nytte retten til motrekning der det er mogleg, før krava blir sende over til SI. Utforming av regelen i § 11 er tilnærma identisk med tilsvarande føresegner i andre lover, mellom anna lov om utdanningsstøtte.

Bustøttemottakarar med eit ubetalt krav om bustøtte kan hamne i ei gjeldsordning. Departementet gir difor framlegg om at både Husbanken og SI kan delta i gjeldsordning etter gjeldsordningslova og delta i utanrettslege gjeldsforhandlingar.

I saker der det ikkje er mogleg å drive inn krav om tilbakebetaling av bustøtte, gjer departementet framlegg om ein heimel i lova som gir Husbanken høve til å ettergi krav. Denne heimelen har Husbanken allereie i dag i medhald av husbanklova når det gjeld lån, tilskot og stønad. Vi meiner at retten når det gjeld å ettergi krav på bustøtte bør regulerast i bustøtelova.

## *5.11 Klageordning (§ 13)*

### *5.11.1 Gjeldande rett og praksis*

Vedtak om bustøtte er eit enkeltvedtak som søker kan klage på etter forvaltningslova § 28. Opphavleg blei klagar på bustøtte handsama av departementet som nærmeste overordna forvaltningsorgan i medhald av hovudregelen i forvaltningslova. Då det etter kvart kom inn fleire klagar enn det departementet hadde kapasitet til å handsame, blei det med heimel i forvaltningslova § 28 fjerde ledd fastsett forskrift av 22. februar 1974 nr 3822 om unntak fra forvaltningslovens klageregler i saker om bostøtte. Etter denne skal ikkje departementet avgjere saker om bustøtte, men sakene skal bli handsama av Husbanken ved ei fornja handsaming.

Det finst i dag ei uavhengig klagenemnd som handsamar klagar på vedtak om lån og tilskot frå Husbanken. Nemnda har ikkje avgjerdsmakt i klagar på bustøtte.

Vedtak om bustøtte blir fatta kvar månad. Vedtaket blir sendt søkeren første gongen det blir fatta og når det blir gjort endringar. Elles blir bustøtte utbetalt som ei forløpende yting kvar månad. Klage frå mottakar blir sendt kommunen, som førebur klagan før han går vidare til Husbanken. Regionkontora i Husbanken avgjer klagar innafor sine geografiske område.

Talet på vedtak om bustøtte har auka monaleg dei siste åra, frå 368 000 i 2006 til 1 527 000 i 2010. Det same har talet på klagar gjort, frå 6 900 i 2006 til 10 900 i 2010. Dette er ei følgje av at det i 2007 blei innført månadlege vedtak på bustøtte mot tidlegare tre vedtak i året. I tillegg har talet på mottakarar auka etter at bustøtta blei lagt om i 2009. Vidare viser vi til framlegget i punkt 5.10.3 om at Husbanken skal fatte vedtak om tilbakebetaling av bustøtte som skal vere tvangsgrunnlag for utlegg. Desse vedtaka vil vere gjenstand for klage.

### *5.11.2 Departementets høyningsframlegg*

Det følgjer av forvaltningslova § 28 at forskrifter som avgrensar klageretten berre kan bli gitt når ”tungtvegande grunner” talar for det. Regelen om unntak er snever og det blir følgd ein streng praksis ved vurderinga. At klagar på bustøtte ikkje får prøvd saka si av eit nytt organ, men ved ny prøving i Husbanken, er noko som i seg sjølv avgrensar klageretten. Det bør vere større distanse til det organet som skal handsame klagane enn det er i dag. Det kan elles oppstå tvil om omsynet til objektivitet og habilitet blir godt nok teke vare på, noko som kan vere med på å svekkje tilliten til Husbanken i desse sakene.

Det er i juridisk teori lagt vekt på at omsynet til rettstryggleik kan vere særskilt viktig for avgjerder som skal dekkje grunnleggjande behov, til dømes avgjerder om tildeling av økonomisk stønad. Bustøtte er i slik ordning, som skal hjelpe husstandar med låge inntekter til å greie buutgiftene slik at dei skal kunne klare å halde på bustaden dei har.

Departementet meiner difor at det ikkje er tungtvegande grunnar til å halde fram med gjeldande ordning, og føreslår at forskrifta blir oppheva.

Det er likevel ikkje føremålstenleg å gå tilbake til hovudregelen i forvaltningslova om at departementet, som overordna forvaltningsorgan, skal vere klageinstans. Det er lite tilrådeleg ut frå omsynet til effektivitet, då ei så stor mengd av klagesaker vil gi store administrative konsekvensar for departementet. Dernest er det ei klår forvaltningspolitisk retning mot å reindyrke oppgåvane til departementa til å vere eit sekretariat for politisk leiing. I dei seinare

åra har det òg i aukande grad skjedd ei dreiling mot at klagar blir handsama av særskilde klagenemnder.

Departementet meiner dette er grunnar som er tungtvegande nok til å fråvike hovudregelen i forvaltningslova. Vi føreslår å opprette ein heimel i lova til å fastsetje forskrift om særskild klagenemnd for klagar på bustøtt, jf omtale under om å leggje klagar på bustøtte til den eksisterande klagenemnd for lån og tilskot. Ved ei uavhengig nemnd vil ein få større distanse mellom instansane, noko som vil leggje betre til rette for ei reell overprøving av den einskilde saka. Ei uavhengig nemnd vil framstå som meir nøytral og objektiv, og såleis gi større tillit og legitimitet. Med ei sentral nemnd for heile landet vil omsynet til lik handsaming og ein einsarta praksis bli teke vare på.

Ei nemnd vil òg ha ein kontrollerande funksjon. Avgjerder frå nemnda vil kunne synleggjere uheldige sider ved utøvinga av myndet til underinstansen, regelverket og rutinane. Det kan òg føre til at Husbanken og kommunane vil ha større merksemd retta mot bustøttesakene i forkant, noko som kan førebyggje talet på klagar.

Sjølv med ei eiga klagenemnd vil Husbanken av eige tiltak ha høve til å gjere om eigne vedtak utan klage – til føremon for klagar i medhald av forvaltningslova § 35. Dersom klage blir fremja, kan Husbanken i tillegg etter § 33 endre eller oppheve egne avgjerder – til føremon for klagar. Det kan til dømes gjelde saker der det er klagar på feil i fakta, og der det ikkje er usemje mellom partane. Det er òg mogleg å leggje opp til ei forenkla handsaming av ”kurante saker”. Ikkje alle saker treng å bli avgjorte av ei fullsett nemnd, men til dømes av leiar av nemnda eller eit sekretariat.

Etter som klagenemnda for klagar på vedtak om lån og tilskot i dag har få saker, er noko av grunngivinga for skipinga av nemnda fallen vekk. Som det er gjort greie for i Ot.prp. nr 6 (2008-2009) om lov om Husbanken, skal departementet sjå nærare på om klagenemnda framleis skal stå ved lag. Eit alternativ vil vere å leggje klagar på vedtak om bustøtte til denne nemnda. Den vil då få eit rimeleg omfang av saker, samstundes med at vi får ei felles nemnd for alle avgjerder som Husbanken tek, anten det gjeld lån, tilskot eller bustøtte. Departementet vil greie ut dette nærare.

Sjølv om forvaltningslova § 28 har heimel til å fastsetje klageregler som utfyller eller avvik fra reglane i lova, meiner departementet at den beste løysinga er at unntaket kjem fram i særlova om bustøtte, slik det gjer i lov om Husbanken når det gjeld klage på lån og tilskot.

## **6 Nærare om endringar i forskrift om bustøtte**

### *6.1 Generelt*

§§ 1 til 5 i gjeldande forskrift som omhandler føremål og vilkår for rett til bustøtte blir tekne ut av forskrifta og løfta opp i framlegg til lov om bustøtte §§ 1, 3, 4 og 5. Det same gjeld § 6 som gjeld utrekning av bustøtte. Vi viser her til omtale i punkt 4. Etter endringa vil forskrift om bustøtte omhandle utrekning av bustøtte, administrasjon samt sakhandsamingsføresegner.

I 6.2 og 6.4 nedanfor er det omtale av framlegg til nokre materielle endringar i forskrifta.

I tillegg er det gjort nokre språklege og tekniske endringar. Dei blir ikkje omtale, då dei ikkje har verknad på det materielle innhaldet i forskrifta.

### *6.2 Fastsetjing av inntekt*

#### *6.2.1 Generelt*

Gjeldande rett om fastsetjing av inntekt blir videreført i kapittel 1. Departementet foreslår nye formuleringar i gjeldande §§ 10 og 15 for å gjere klårt kva for likningsopplysningar som blir nytta i utrekningane. Utgangspunktet er at opplysningar frå sist tilgjengelege likning blir nytta. Dersom den samla inntekta eller formuen til husstanden er vesentleg redusert og det vil verke urimelig å ikkje ta omsyn til endringa, kan skattbar inntekt og formue bli nytta.

#### *6.2.2 Endringar i øvre grenser for buutgifter m.v. (§§ 3 og 4)*

For å styrke bustøtta for barnefamiliar blei det i statsbudsjettet for 2011 varsla å auke dei øvre grensene for buutgifter for husstandar med fleire medlemmer frå 1. juli 2011. Tillegget aukar med talet på medlemmer i husstanden. Dei som bur åleine får inga auke, medan ein familie på fem eller fleire får ein årleg auke på 9 000 kroner. Det blir oppretta ei ny gruppe for husstandar med fem eller fleire personar. I tillegg blir det vedteke ein auke for Oslo på 2 000 kroner. Vi viser her til § 3 i forskrifta.

Vidare blei det varsla at innslagspunktet for progressiv opptrapping av eigendelen skal justerast opp i takt med veksten i minstepensjonen i 2011. Frå 2009 til 2010 vil veksten i likna inntekt for minstepensjonistar bli på nære 7 000 kroner. Det gir eit nytt innslagspunkt for unge uføre på 185 000 kroner og på 149 000 for andre. Vi viser til § 4 i forskrifta.

Samstundes blei eigendelen varsla heva med 1 600 kroner for alle. Det inneber mellom anna at nedre grense for kva slags buutgifter som gir rett til bustøtte aukar frå 1 675 kroner til 1 808 kroner per månad. Vi viser her til § 4 i forskrifta.

Dei nye satsane vil gjelde frå 1. juli 2011.

#### *6.2.3 Formue til barn som blir forvalta av overformynderiet (§ 6)*

Hovudregelen i forskrift om bustøtte § 10 er at sist tilgjengelege likning blir lagt til grunn, og opplysningars om alle i husstanden blir tatt med. I medhald av § 11 blir det i inntekta til barn gjort eit frådrag på 30 000 kroner. 16 prosent av formuen til husstanden som overstig eit fribeløp blir lagt til inntekta. Fribeløpa er 250 000 kroner for dei som bur i leigd bustad og verdien av bustad opp til 500 000 kroner for dei som bur i eigen bustad. Har barn i husstanden formue går han inn i utrekninga.

I ein skilde saker der formue til barn er av ein slik storleik at han blir forvalta av overformynderiet, jf verjemålslova, utløyser han eit tillegg i formuen som gjer at husstanden mistar retten til bustøtte. Slik gjeldande forskrift er utforma, vil all formue forvalta av overformynderiet gå inn i utrekninga.

Departementet meiner at det i særlege tilfelle bør vere høve til å skjerme formue til barn. Dette gjeld midlar som er motteke som erstatning og som er forvalta av overformynderiet. I konkrete saker kan det framstå som urimeleg å ta slik formue inn i utrekninga dersom han er meint til særlege føremål. Dette kan til dømes vere erstatningsbeløp som er utbetalt til barn som følgje av personskade, ulykkje eller liknande, typisk personskadeerstatning, vanleg skadeerstatning og meinerstatning. I desse tilfella er midla utbetalt for at dei skal dekkje særlege føremål, til dømes bortfall av framtidig inntekt.

Departementet foreslår ei føresegnsom i særlege høve opnar for å halde erstatning utanfor utrekningsgrunnlaget når midla er forvalta av overformynderiet.

### *6.3 Utlevering av opplysningar*

Føresegnsene i gjeldande forskrift 15. august 1985 nr. 1681 om adgang til opplysninger fra bostøtteregistre og bostøttesøknader er føreslått tatt inn i bustøtteforskrifta § 14 i framlegget. Føresegnsene er forenkla og gjeld berre unntak som ikkje følgjer av føresegnsene i forvaltningslova og forskrifter til denne. Vi viser elles til kapittel 5.6 til 5.8 om handsaming av personopplysningar.

### *6.4 Motrekning*

I medhald av forskrift om bustøtte § 26 har Husbanken rett til motrekning i bustøtte når mottakaren ikkje har betalt forfalne rente- og avdragsterminar på husbanklån. Det same gjeld om Husbanken har eit krav om tilbakebetaling som følgje av feil utbetalt bustøtte.

Bakgrunnen for at regelen om motrekning for utbetalte rente- og avdragsterminar kom inn i forskriften var at lån i Husbanken var eit av krava for å få rett til bustøtte. Bustøtte skulle blant anna nyttast til å nedbetale lånet. Kravet om finansiering i Husbanken er no avvikla.

Retten til motrekning er eit grunnleggjande obligasjonsrettsleg prinsipp. Husbanken kan difor på visse vilkår motrekne utan den andre sitt samtykke og utan heimel i lov eller forskrift. Departementet meiner difor at det ikkje lenger er grunnlag for ein særregel om motrekning av forfalne rente- og avdragsterminar på husbanklån. Vi tilrår å vidareføre regelen om motrekning der Husbanken har andre krav om tilbakebetaling av feil utbetalt bustøtte. Dette endrar ikkje det rettslege: staten kan motrekne mot statlege krav. Dette kjem òg fram i utkast til ny lov om Statens innkjøjingssentral som har vore på høyring.

## **7 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Framlegget i forskrift om bustøtte § 6 om at Husbanken skal kunne halde midlar som barn får i erstatning utanfor grunnlaget for utrekning av bustøtte, vil medføre auka utbetalingar av bustøtte på om lag 250 000 kroner i året.

Framlegget i § 13 i lova som gir heimel til å opprette ei særskild klagenemnd, vil føre til ei auke i dei administrative kostnadene på inntil 1 000 000 kroner i året. Departementet tilrar at alle kostnadene blir dekte innafor det ordinære administrasjonsbudsjettet til Husbanken.

Framlegget om nye føresegner ved inntektsauke vil gi om lag 2 500 saker og eit samla krav om å betale tilbake 60 mill. kroner per år. Framlegget om nytt inntektsomgrep ved redusert inntekt vil redusere inntektene med 8 mill. kroner per år i 2 500 saker. Samla meirinntekt av framlegget til nye føresegner blir då 52 mill. kroner per år. Dersom ein i staden skulle foreslå andre grenser for inntektsauke og urettmessig utbetalte bustøtte, vil det gi andre overslag for samla meirinntekter. Husbanken vil få ein eingongskostnad til utvikling av it-systemet på 6,5 mill. kroner. Kostnadene til drift i Husbanken blir dekte over dei ordinære budsjetta, medan kostnadene til Statens innkrevjingssentral i samband med innkrevjing av krav frå Husbanken skal dekkjast av Husbanken etter avtale.

Framlegget vil elles ikkje ha økonomiske og administrative konsekvensar.

## **8 Framlegg til lov om bustøtte**

### **§ 1 Føremål**

Føremålet med den statlege bustøtta er å sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad.

### **§ 2 Verkeområde**

Lova gjeld for personar som er registrerte i folkeregisteret og lovleg busette i Noreg.

### **§ 3 Vilkår for rett til bustøtte**

Rett til bustøtte har søker som

- a) er over 18 år eller har eigne barn som bur i bustaden
- b) svarer for buutgifter i ein bustad som fyller vilkåra i § 5
- c) sjølv bur i bustaden.

### **§ 4 Unntak for visse personar**

Rett til bustøtte har likevel ikkje

- a) personar som avtener førstegongsteneste i forsvaret eller sivilteneste
- b) studentar som ikkje har barn i husstanden. Alle som har rett til ytingar frå Statens lånekasse for utdanning blir rekna som studentar. Dei som studerer som eit ledd i eit offentleg program for arbeidskvalifisering, kan likevel ha rett til bustøtte
- c) personar som bur saman med person som ikkje har rett til bustøtte i medhald av bokstav a eller b. Foreldre som bur saman med barn som er studentar har likevel rett til bustøtte.

### **§ 5 Krav til bustaden**

Vilkår for å få rett til bustøtte er at bustaden

- a) er godkjend for heilårs bruk
- b) er ein sjølvstendig bustad med eigen inngang
- c) har eige bad og toalett og gir høve til kvile og matlaging.

Krava i bokstav b og c kan fråvikast for utleigebustader der ein kommune har gjort vedtak om tildeling til helse- og sosialføremål, når bustadene er organiserte som bufellesskap eller liknande.

### **§ 6 Utrekning av bustøtte**

Utbetalt bustøtte er ein fastsett prosent av differansen mellom godkjente buutgifter og ein eigendel. Eigendelen blir fastsett ut i frå inntekta og formuen til husstanden.

Departementet kan gi forskrifter om satsar, utrekning og utbetaling av bustøtte.

## **§ 7 Finansiering og organisering**

Staten dekkjer utgiftene til bustøtte.

Husbanken og kommunane administrerer bustøtteordninga. Kommunane dekkjer eigne utgifter til administrasjon.

Departementet kan gi forskrifter om administrasjon og handsaming av bustøtte.

## **§ 8 Innhenting, handsaming og utlevering av opplysningar**

Husbanken kan utan hinder av teieplikt påleggje offentlege styresmakter, långivarar, utleigarar, burettslag og eigeseksjonssameige å gi opplysningar som har verknad for rettar eller plikter, som følgjer av denne lova eller forskrifter gitt i medhald av denne lova.

Den opplysningane gjeld skal som hovudregel samtykkje i at slike opplysningar blir henta inn og nytta i sakshandsaminga. Husbanken og kommunane skal likevel kunne hente inn og nytte slike opplysningar sjølv om det manglar samtykke frå nokon i husstanden.

Når allmenne interesser tilseier det, kan departementet ved forskrift eller ved samtykke i dei einskilde tilfella fastsetje at opplysningane i bustøtteregisteret kan brukast av anna offentleg styresmakt.

## **§ 9 Overføring av krav på bustøtte**

Uforfalle krav på bustøtte kan overførast til kommunar som for same tidsrom gir tilskot til buutgifter eller til avdrag og renter på bustadlån. Bustøttemottakar må på førehand ha gitt ei frivillig, uttrykkeleg og informert fråsegn om at kravet kan overførast.

## **§ 10 Rett til å krevje for mykje utbetalt bustøtte tilbake**

Dersom nokon har motteke bustøtte i strid med ærlegdom og god tru, kan Husbanken krevje beløpet betalt tilbake. Det same gjeld dersom mottakaren, eller nokon som har handla på vegner av mottakaren, aktlaust har gitt feilaktige, mangelfulle eller misvisande opplysningar.

Bustøtte kan òg bli kravd tilbake dersom feil frå Husbanken eller kommunen er årsak til utbetalinga og mottakaren burde ha forstått det.

Dersom husstanden har hatt ei inntekt/formue i perioden det er motteke bustøtte for, som overstig grenser gitt av departementet ved forskrift, kan utbetalt bustøtte krevjast tilbake i sin heilskap utan omsyn til skuld.

Departementet kan gi forskrifter om tilbakebetaling av bustøtte.

## **§ 11 Tvangsgrunnlag og særleg namsstyresmakt**

Vedtak om krav på tilbakebetaling av bustøtte er tvangsgrunnlag for utlegg. Kravet kan drivast inn av Husbanken eller overførast Statens innkrevjingssentral som særleg namsstyresmakt.

Statens innkrevjingssentral kan drive kravet inn ved trekk i lønn og andre likande ytingar etter reglane i dekningslova § 2-7. Statens innkrevjingssentral kan òg drive krav inn

ved å stifte utleggsplant for kravet dersom panteretten kan giast rettsvern ved registrering i eit register eller ved melding til ein tredjeperson, jf pantelova kapittel 5, og utleggsforretninga kan haldast på kontoret til Statens innkrevjingssentral etter tvangfullbyrdingslova § 7-9 første ledd.

### ***§ 12 Gjeldsordning og ettergiving av fordringar***

Husbanken og Statens innkrevjingssentral kan delta i forhandlingar om gjeldsordning etter gjeldsordningslova og delta i utanrettslege gjeldsforhandlingar.

Husbanken kan ettergi krav på tilbakebetaling av bustøtte, renter og kostnader dersom det ikkje let seg gjere å drive kravet inn.

### ***§ 13 Klage på vedtak om bustøtte***

Departementet kan fastsetje forskrift om særskild klagenemnd for enkeltvedtak etter denne lova.

### ***§ 14 Ikraftsetjing o.a.***

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.

Departementet kan gi forskrift om overgangsordningar for mottakar som fekk bustøtte i same bustad i juni 2009.

Frå lova her blir sett i kraft, skal lov 29. mai 2009 nr. 30 om Husbanken endrast slik:

*§ 1 andre ledd skal lyde:*

Husbanken skal forvalta *bustøtte* og låne- og tilskotsordningar og medverka til å utvikla og formidla kunnskap om mål, metodar og resultat innafor sitt saksområde.

*§§ 10 til og med 12 blir oppheva. § 13 blir ny § 10.*

## **9 Framlegg til forskrift om bustøtte**

### **1. Utrekning av bustøtte**

#### *§ 1. Utgangspunktet for utrekninga*

Utbetalt bustøtte er 70 prosent av differansen mellom godkjente buutgifter, jf. §§ 2 og 3, og eigendelen, jf. § 4. For dei som bur i sosiale bustader som er disponerte av kommunen er bustøtta 80 prosent av differansen.

#### *§2. Utrekning av godkjente buutgifter*

Følgjande faktiske buutgifter blir godkjente:

- a) husleige i leigde bustader
- b) for bustader i burettslag, bustadsameiger, aksjeleilegheiter og obligasjonsleilegheiter inngår i utrekninga:
  - 1) felleskostnader
  - 2) utgifter til renter, avdrag og gebyr på lån til finansiering av den bustaden søkeren gjeld for.
- c) For andre bustader går følgjande inn i utrekninga:
  1. 12 000 kroner per år for årlege driftsutgifter
  2. utgifter til renter, avdrag og gebyr på lån til finansiering av den bustaden søkeren gjeld for
  3. utgifter til kommunale avgifter fastsett på grunnlag av innhenta opplysningar om gjennomsnitt frå kvar kommune
  4. utlikna eigedomsskatt
  5. festeavgift
- d) For alders-, uføre- og etterlatnepensionistar som ikkje får dekte utgifter til oppvarming gjennom husleige eller fellesutgifter, blir i tillegg utgifter til oppvarming dekte med 6 000 kroner per år.

#### *§ 3. Øvre grenser for buutgifter*

Berre buutgifter som ligg innafor følgjande øvre grense per år, går inn i utrekninga av bustøtten:

- a) 61 000 kroner for husstandar med 1 person
- b) 65 500 kroner for husstandar med 2 personar
- c) 70 000 kroner for husstandar med 3 personar

- d) 74 500 kroner for husstandar med 4 personar
- e) 79 000 kroner for husstandar med 5 personar eller fleire.

For følgjande kommunar er det ei høgare grense for årlege buutgifter. Grensa er

- a) 22 000 kroner høgare i Oslo
- b) 15 000 kroner høgare i Bergen, Trondheim, Tromsø, Stavanger og Bærum
- c) 10 000 kroner høgare i Kristiansand, Skedsmo, Frogner, Lørenskog, Oppegård, Asker, Nesodden, Sola og Sandnes.

Har husstanden særskilt høge buutgifter fordi nokon i husstanden er funksjonshemma og har behov for ein spesialtilpassa bustad, kan den øvre grensa for buutgiftene bli auka med inntil 3 000 kroner per år.

#### *§ 4. Eigendel*

Alle får trekte 16 600 kroner per år frå i dei buutgiftene som i medhald av §§ 1 til 3 blir tekne med i utrekninga.

For inntekter over 90 000 kroner blir det òg trekt 17 prosent av den inntekta som overstig 90 000 kroner.

For inntekter over 149 000 kroner er det i tillegg rekna ut eit trekk av heile inntekta. Dette blir rekna med 0,3 prosent av ei inntekt på 149 001 kroner, deretter aukande med 0,3 prosentpoeng for kvar 1 000 kroner i auka inntekt.

Inntektsgrensa i tredje ledd er 185 000 kroner for husstandar med medlem som har ordinær, ikkje tidsavgrensa, uførestønad etter lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd kapittel 12 eller tilsvarande pensjon med yrkesskadedekning etter kapittel 13, og som i tillegg er ung ufør etter lov om folketrygd § 3-21.

## **Kapittel 2. Fastsetting av inntekt**

#### *§ 5. Inntekta til husstanden*

Inntektsopplysningar frå sist tilgjengelege skattelikning blir nytta ved utrekning av bustøtte. Inntektene for alle i husstanden blir tekne med.

Det høgste beløpet av grunnlaget for trygdeavgift til folketrygda (personinntekt) og allmenn inntekt tillagt eit beløp tilsvarande minstefrådraget i skattelikninga, blir nytta i utrekninga.

Barn under 18 år kan ha ei inntekt på 30 000 kroner per år utan at ho blir teke med i grunnlaget for bustøtta.

Bustøttesøkjar pliktar å gi opplysningar om skattefrie leigeinntekter som husstanden har frå utleige i eigen bustad. Slike leigeinntekter skal reknast som inntekt ved utrekning av bustøtte.

#### *§ 6. Formue som blir lagt til inntekt*

16 prosent av netto formue til husstanden, med fråtrekk for eit fribeløp, blir lagt til inntekta. Fribeløpet er 250 000 kroner for husstand i leigd bustad. For andre husstandar er fribeløpet likningsverde av eigen bustad inntil 500 000 kroner.

Formue til barn som blir forvalta av overformynderiet, og som er ei erstatningsutbetaling, kan i særlege høve haldast utanfor utrekninga.

#### *§ 7. Inntekt og formue i eller frå utlandet*

Inntekt i eller frå utlandet blir rekna som inntekt med brutto beløp omrekna i norske kroner.

Bustøttesøkjar pliktar å gi opplysningar om slik inntekt som ved siste skattelikning ikkje var skattepliktig eller trygdeavgiftspliktig i Noreg.

Føresegna gjeld tilsvarande for formue i utlandet.

#### *§ 8. Bruk av faktisk inntekt og formue i særlege høve*

Fastsetjing av inntekt etter sist tilgjengelege likning kan fråvikast dersom den samla inntekta eller formuen til husstanden er vesentleg redusert og det vil verke urimeleg om det ikkje blir teke omsyn til endringa. I så fall kan det fastsetjast ei inntekt som tek omsyn til faktisk inntekt og formue i den perioden det er søkt for ved utrekning av eigendelen, jf. § 4.

Dersom den faktiske inntekta inkludert formuetillegg for kalenderåret det er søkt for, er 100 000 kroner høgare enn den øvre grensa som er satt ved utrekning av bustøtte, og utbetalinga av bustøtte er høgare enn 10 000 kroner for kalenderåret, fell retten til bustøtte bort, jf § 17 siste ledd.

#### *§ 9. Omrekning av inntekt etter storleiken på husstanden*

Ved utrekning av bustøtte blir inntekta omrekna etter storleiken på husstanden. Inntekta blir dividert med ei vekt etter kor stor husstanden er. Vekta til husstanden kjem fram ved å

summere dei einskilde vektene til personane i husstanden. Første person i husstanden har vekta 1 og kvar einskilde av dei andre personane har ei vekt på 0,1 per person.

#### *§ 10 Husstanden*

Både dei som faktisk bur i bustaden og dei som er registrerte i folkeregisteret som busette på adressa, blir rekna med i husstanden.

Det kan i særlege høve bli gitt fritak frå kravet om registrering som busett i bustaden.

### **Kapittel 3. Reglar for sakshandsaming**

#### *§ 11. Søknaden*

Husbanken fastset frist for å søkje. Søknader som ikkje er fullstendige og der søker kan lastast for det, blir rekna som om dei ikkje er komne innan søknadsfristen.

Husbanken fastset kva for søknadsskjema som skal nyttast. Søknad kan òg leverast elektronisk gjennom Altinn.

#### *§ 12. Berekningsdato*

Den 1. i kvar månad blir nytta som utgangspunkt for alle opplysningar om husstanden og bustaden i utrekninga av bustøtte for den månaden.

#### *§ 13. Plikt til å gi opplysningar*

Søkjar har plikt til straks å gi opplysningar til kommunen om endra forhold som søker forstår eller bør forstå har verknad for utrekning og utbetaling av bustøtta.

Mottakar plikter å melde frå dersom den faktiske inntekta/formuen for den perioden det er søkt bustøtte for er høgare enn den øvre inntektsgrensa for å få bustøtte.

#### *§ 14. Utlevering av opplysningar*

Teieplikt etter forvaltningslova er ikkje til hinder for at opplysningar frå bustøtteregisteret og bustøttesøknadene blir gjort kjente

- a) for NAV, likningskontor eller sosialtenesta når dei i sakshandsaminga har behov for opplysningar om enkeltpersonar som får bustøtte, eventuelt med kva for ein sum
- b) for utføring av revisjon eller anna form for kontroll av verksemda til Husbanken og kommunane

c) for kommunane i samanheng med kommunale støtteordningar.

Utlevering av opplysningar skjer gjennom kommunane eller Husbanken.

## Kapittel 4. Reglar om utbetaling o.a.

### *§ 15. Utbetaling*

Minste utbetaling er 300 kroner per månad.

Bustøtte blir utbetalt på etterskot den 10. i kvar månad.

Husbanken utbetaler bustøtte direkte til søker.

Dersom det er inngått avtale mellom søker og kommunen, kan utbetalinga skje til kommunen, jf. § 9 i lov om bustøtte.

### *§ 16. Rett til motrekning*

Dersom Husbanken har eit krav om tilbakebetaling som følge av feil utbetalt bustøtte, kan bustøtta bli nytta til motrekning av kravet.

### *§ 17. Rett til å krevje for mykje utbetalt bustøtte tilbake*

Dersom nokon har motteke bustøtte i strid med ærlegdom og god tru, kan Husbanken krevje beløpet betalt tilbake. Det same gjeld dersom motakaren, eller nokon som har handla på vegne av mottakaren, aktlaust har gitt feilaktige, mangelfulle eller misvisande opplysningar.

Bustøtte kan òg bli kravd tilbake dersom feil frå Husbanken eller kommunen er årsak til utbetalinga og mottakaren burde ha forstått det.

Dersom etterkontroll syner at husstanden har hatt inntekt i kalenderåret som ligg meir enn 100 000 kroner over den øvre inntektsgrensa for å ta imot bustøtte, og utbetalinga har vore over 10 000 kroner i kalenderåret det er motteke bustøtte for, kan utbetalt bustøtte for heile året krevjast tilbake utan omsyn til skuld, jf § 8 andre ledd.

## Kapittel 5. Ikraftsetjing og overgangsreglar

### *§ 18. Ikraftsetjing*

Forskrifta blir sett i kraft .....

Frå same tidspunkt blir forskrift 19. juni 2009 nr. 699 om bustøtte oppheva.

*§ 19. Overgangsordning som sikrar uendra støttenivå*

- a) Krava til bustad i lov om bustøtte § 5 bokstav b og c gjeld ikkje for mottakar som fekk bustøtte i same bustad i juni 2009.
- b) Mottakar som fekk bustøtte i juni 2009 skal ikkje få mindre utbetalt etter omlegginga som følgje av endra reglar for bustøtte eller som følgje av auka trygder og pensjonar i 2008. § 15 om minste utbetaling skal likevel gjelde.
- c) For andre enn unge uføre, jf. § 8 flg. blir overgangsordninga trappa ned med 20 prosentpoeng kvart år over 5 år.
- d) Overgangsordninga gjeld mellom anna ikkje dersom bustøttemottakaren flytter, husstanden endrar seg, eller som følgje av anna inntektsauke enn endringar i trygder eller pensjonar eller nedgang i buutgifter.